



☺ Fotballskulen i Fyresdal 2010 ☺

Så er det igjen tida for påmelding til årets fotballskule i Fyresdal. Det har vore ein suksess dei 3 førre åra me har arrangert det, difor gler me oss veldig til året's òg.

Fotballskulen blir i år frå tysdag 22.juni til fredag 25.juni. Pors blir med i år òg! Bravo!!

I år har vi gjort nokre endringar når det gjeld kven som kan melde seg på. På bakgrunn av dei erfaringar vi og instruktørane har gjort dei tre siste åra, har vi kome fram til at du må vere ferdig med 1.klasse for å kunne delta. Vi reknar med at nokre blir skuffa nå, men dette er det tilbodet vi klarer å få til i år. Du kan altså delta dersom du er ferdig med 1.klasse og opp til og med 10.klasse.

Interessa har vore stor tidlegare år, og me håper den blir det i år òg.

I fjor kom det mange etterpåmeldingar. Det ordnar seg alltid, men det aller beste er viss de kan melde dykk på innan påmeldingsfristen, som er 10.mai. Då unngjeng ein mykje ekstraarbeid ☺.

Tidlegare år har vist at dugnads-ånden er enormt stor i Fyresdal. Foreldre og besteforeldre har vore kjempepositive, og stilt opp på mykje dugnadsarbeid. Dette er me avhengige av i år òg, difor er det viktig at de kryssar av på arbeidsoppgåver de vaksne kan stille opp på.

NB! I år vert det grillkveld og fotballkamp på torsdag, slik at det ikkje kolliderar med sankthans.

Prisen for å vere med: kr.500,- Syskenmoderasjon: kr.450,-

Dette betalast kontant start-dagen av fotballskulen

Desse oppgåvene treng me hjelp til:

Oppgåver:	Namnet ditt. Skriv òg opp kva dagar du kan vere med.
Dugnad måndagskveld	
Kioskvakt og lappesalg ved Gimle stadion	
Vasking av garderobar på ettermiddagar	
Ordne til lunsj på samf.huset	
Grilling og andre oppgåver på torsdagskveld	
Trenar av dei yngste spelarane	

Eg, _____ vil vere med på fotballskulen. Eg går i _____ klasse.

Vi jobbar for å få tak i keepertrenar. Dersom vi får til det, vert dette eit tilbod for 5.klasse og oppover. Er du interessera, set kryss her: _____

Underskrift av føresette: _____ Dato: _____

Levèr denne lappen til Torhild Bondal på skulen innan 10.mai.

Alle spørsmål ang fotballskulen, skal rettast til ein av desse:

Linda Aas (90092646), Olav Inge Nordbø (90553027), Klara Nordbø (99360778)